

## **17.mai Gospelnight i Johanneskirken**

KFUK-KFUM Bjørgvin arrangerer årleg Gospelnight i Johanneskirken om kvelden på 17.mai. Dette er ein over 30 år lang tradisjon, som for mange er ein viktig del av 17.mai feiringa. Arrangementet er godt besøkt og vi fyller vanlegvis Johanneskirken (mellom 650 og 750 i publikum er vanleg). I tillegg kjem Gospel Bergen kor og band, frivillige medarbeidarar og teknikarar. Vi ser at det er mange som vanlegvis ikkje er ein del av KFUK-KFUM sine aktivitetar som finn vegen til Johanneskirken denne kvelden, og det er veldig gledeleg for oss at vi når ut til mange menneske.

Gospelnigheten er ei flott oppleving der ein får nyte fin gospelmusikk i ei flott kyrkje. Så med andre ord er dette ei flott og oppløftande avslutning av nasjonaldagsfeiringa for det heile mennesket. Gospelnigheten er sett saman av eit variert program, med både korsong av Gospel Bergen, allsongar og nasjonalsongen, Gospelsongar, tale for kvelden og liturgiske gudstenesteledd som bøn og nattverd.

Gospel Bergen er eit dyktig gospelkor, som består av 25 medlemmar (20 songarar i koret og 5 musikarar i bandet), og koret er tilknytt KFUK-KFUM. Dei stiller opp på 17.mai frivillig, og tar ikkje honorar for å bidra til Gospelnigheten. Då Gospelnigheten også er i samarbeid med Bergen Domkirke menighet, så dekkjer kyrkjelyden kyrkjetenar til Gospelnigheten. Gospelnigheten er open for alle som ønskjer å vere med og det er gratis inngang. Det vert tatt opp takkeoffer til KFUK-KFUM Bjørgvin sitt programarbeid for barn og unge.

Gospelnigheten er eit arrangement som i veldig stor grad er gjennomført av frivillige medarbeidarar i KFUK-KFUM. Arrangementet har ein eigen planleggingskomitè med representantar frå Gospel Bergen, KFUK-KFUM Bjørgvin, Bergen KFUK-KFUM Ynglingen og Bergen domkirke menighet, som saman med dagleg leiar i KFUK-KFUM Bjørgvin og prest har ansvaret for planlegging og gjennomføringa a arrangementet. I tillegg til dette så har ein om lag 20-30 frivillige medarbeidarar som er med sjølve kvelden og hjelper til på arrangementet (Teknikarar frå FKU Teknikk, ei av ungdomsgruppene i KFUK-KFUM som leverer lyd, lys og videoproduksjonar, brannvakter, praktiske medhjelparar, ryddegjeng, nattverdsutdelarar m.m.).